

Norsk kulturskoleråd

Sogn og Fjordane

Styremøte 1 – 2019, Thon Jølster 24. januar

Protokoll



Foto : UKM Nettredaksjon og Stock Foto

DAGSPLAN:

- Kl. 1300: lunsj og innsjekk
- Kl. 1345: styremøte
kl. 1700: fellesmøte på nett med Hordaland, om ny
valkomite
- Kl. 2000: middag
Overnatting i samband med leiarmøtet dagen etterpå



Sogn og fjordane

Styremøte på Thon Jølster 24. januar 2019

Protokoll frå styremøte 1 – 2019 S&Fj

Desse møtte: Grete Berntzen, Trude Skarvatun, Anita Norheim (frå kl. 1700), og rådgjevarane Kristin Geiring, Ole Jakob Nedrebø.

Forfall: Arne Sunnarvik, Ann Karin W. Ose, Jan Geir Solheim og Dan Aasebø.

NB! Styret var først vedtaksdyktig når Anita N kom, alle sakene vart difor gjennomgått med ho før vedtak vart gjort.

Saker:

Sak 2019 – 1 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Godkjend

Sak 2019 – 2 **Godkjenning og signering av protokoll frå førre styremøte**

Sak 2019 – 3 **Økonomi 2018**

- Underskot 2018 (kr. 25.968,-) kjem av inntekter under budsjett pga. mindre påmlid til konferansen i sept, samt feilbudsjetterte utgifter styremøter med regionstreff.
- Vedk. underskot 2017 (kr. 132.713,-) – OJN tek opp saka med NKR sentralledet, då her er dokumenterbare feil og manglar både på mtp. inntekter og utgifter.

Sak 2019 – 4 **Rådgjevars rapport for perioden 19.10.18 – 23.1.19**
Teken til vitande, sjå vedl. 1.

Grete Berntzen Styreleiar	Trude Skarvatun Nestleiar	Arne Sunnarvik Styremedlem	Ann Karin W. Ose Styremedlem
Jan Geir Solheim Styremedlem	Anita Nordheim Vara 1	Dan Aasebø Vara 2	

- Sak 2019 – 5** **Årets kulturskulekommune**
S&Fj nominerer Førde. Anita N føl opp saka saman med rådgjevarane.
- Sak 2019 – 6** **Ny fylkesstyreinstruks**
Styret si eignevaluering av 2- årsperioden
Oversendt nytt styre.
- Sak 2019 – 7** **Førebuing av årsmøtet i mars**
Gjennomgang av [saklista](#), §3.5.5. på s. 10 og 11
- Melding for perioden – rådgjevar legg fram forslag i møtet (sjå vedl. 2)
 - Møteleiar S&Fj: ?
 - Verksemdsplan – AU. Nasjonale tiltak. Regionale tiltak – AU S&Fj/H og rådgjevar føl opp
 - Konferansen – AU S&Fj/H og rådgjevar føl opp ideane
 - Panel: ?
 - Musikkinnslag: Annika Beinnes. Martine Håland? Lina Fjørtoft, teater.
 - Budsjett 2019 og 2020 – rådgjevar føl opp
 - Valkomité 2021, forslag fordelt på 2 «gamle» fylke:
 - Leiar: Anne Lene J.Ø?
 - 2 medl: Hilde Bjørkum, Karl Vidar Førde
 - 1 vara: Jon Larsgard ?
 - Ann Karin W Ose
 - Sven Flo
 - Jostein Ljones
 - Sigyn Øren
 - Frå frivillige org? Teater, dans ...
- Sak 2018 – 34** **Eventuelt**
- Dei nominerte er ... *HØYANGER mai-juni?* Ann Karin O/Anita N føl opp saman med rådgjevar.
 - Sak frå Landsstyret-18: *«Rettleiingshefte for nye kulturskuleleiarar, Landsstyret imøteser det vidare arbeid med denne saken ut fra saksframlegget.» – UTSETT TIL NYTT STYRE*
 - Spørjeundersøking frå fylkeskommunen – *UTSETT*
 - Felles barn – felles ansvar, korleis vidareføre? *NYTT STYRE/RÅDGJEVAR*
 - Info om Stortingsmld- arbeidet – *UTSETT*

Grete Berntzen Styrelleiar	Trude Skarvatun Nestleiar	Arne Sunnarvik Styremedlem	Ann Karin W. Ose Styremedlem
Jan Geir Solheim Styremedlem	Anita Nordheim Vara 1	Dan Aasebø Vara 2	

VEDLEGG 1 (SAK 2019 – 4)**RÅDGJEVARAS RAPPORT TIL FYLKESSTYRET I SOGN OG
FJORDANE FOR PERIODEN 19.10.18 – 24.01.19**

- 23. og 24.10.18: felles arbeidsmøte med NKR Hordland
- 24.10.18: evaluering FBFA med fylkeskommunen
- 22.11.18: felles AU H og S&Fj
- Fakturert FBFA
- Korr øk18 (deling av møtet m/ Hordaland + OU-mildar)
- Arbeid med årsmøtet 2019
- 20.12. AU S&Fj – årsmøteplanlegging/ -førebuing
- 4.1. felles AU- møte
- Produksjon av dokument, dokumentasjon og saker til styremøtet og årsmøtet
 - o Årsm, rekneskap
- 24.1. Møte med fylkeskomm om FBFA
- Generelt medlemskontakt/rådgjeving etter behov

23.1.19

Kristin G

Ole Jakob N

VEDLEGG 2 (SAK 2019 – 7, ÅRSMELDING)

NORSK KULTURSKULERÅD

Sogn og Fjordane 2017 og 2018

Sak 2 Styret si melding for siste periode

Styret sitt framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret si melding for åra 2017 og 2018.

Vedtak:

Årsmelding 2017 – 2018**Årsmøte 2017**

Siste årsmøte vart halde på Gloppen hotell 31. mars 2017, der det møtte 23 delegatar. Tema for konferansebiten var bl.a breddeprogrammet i rammeplanen, kommunesamanslåing og KS sitt kulturprosjekt «Oppspill».

Tillitsvalde i perioden:

Styret i Norsk kulturskuleråd S&Fj har i perioden 2017 – 18 hatt slik samansetjing:

Leiar	Grete Berntzen	Bremanger
Nestleiar	Trude Skarvatun	Førde
Styremedlem og kasserar ut juli-17	Arne Sunnarvik	Flora
Styremedlem	Ann Karin W Ose	Gloppen
Styremedlem	Jan Geir Solheim	Lærdal
Vara 1	Anita Norheim	Eid
Vara 2	Dan Aasebø	Høyanger

Styremøte**2017**

2 styremøte (18.-19.5. og 19.-20.10.). Om lag 24 saker er handsama (dårleg teljesystem...). AU- møter ved behov for oppfølging/framdrift.

2018

3 styremøte (18.1., 24.-25.5., 18.10.). 35 saker vart handsama. AU- møter ved behov for oppfølging/ framdrift.

Styremøta har vore lagde slik at styret har fått møte rektorane i alle fem regionane ein gong ila perioden.

I samband med regionaliseringa (NKR Vestland), har det vore både fysiske møte og nettmøte med styret og AU i Hordaland, og begge rådgjevarane, med særleg fokus på felles årsmøte, og verksemdsplan/ budsjett for 2019 og 2020. Av same grunn har valkomiteane jobba i lag mtp val under årsmøtet 2019.

Ole Jakob Nedrebø har vore rådgjevar i 40% stilling fram til 31.7.18, tilsett sentralt. Etter 1.8.18 har Kristin vore rådgjevar for S&Fj + H (40%), men i praksis har rådgjevarane jobba i lag i høve styret i S&Fj, fram til årsmøte 2019.

GSI tal for Sogn og Fjordane, med årleg registrering 1.10.

År	Sum elevar	Dekningsgrad % (landet)	Venteliste	Elevplassar	Elevplassar venteliste	Høgste betaling	Lågaste betaling	
2018-19	3161	*	491	3800	615	5036	2050	
2017-18	3068	20,0 (13,3)	347	3617	522	5036	2331	
2016-17	3272	20,4 (13,7)	603	3860	599	4920	2263	
2015-16	3355	20,4 (13,9)	600	3887	765	4740	2197	
2014-15	3 392	20,4 (14,1)	580	3 852	730	4 600	2 127	
2013-14	3 997	23,4 (14,8)	664	4 409	804	4 440	1 950	
2012-13	4 031	24,1 (15,0)	669	4 367	931	4 220	1 950	
2011-12	4 186	24,1 (14,9)	655	4 673	653	3 300	1 600	
GSI tal - timeforbruk								
År	Musikk	Kunst	Teater	Dans	Skrivning	Andre	Anna	Årstimar
2018-19	33511	3290	219	2731	?	38	3853	43642
2017-18	34077	3276	152	2050	?	63	3032	42650
2016-17	36536	2934	361	2198	-	114	215	42358
2015-16	37791	3169	114	1807	-	155	164	43200
2014-15	36 123	2 994	114	1 972	-	121	628	41 952
2013-14	36 588	3 128	285	2 739	-	254	-	-

GSI for perioden viser ein nedgang både i elevtal, dekningsgrad og venteliste. Men ikkje på produserte timar. Kan f.eks. kome av auka sal av tenester.

*= SSB-tala kjem i mars19.

Kortkurs **skapande skrivning** muleg ikkje registrert.

Feilreg aktivitet, er nok sal av tenester

Kommunebesøk/nettverk/informasjon/medlemmer

Det har ved særlege behov vore gjennomført kommunebesøk i perioden. Frå 2017 har vi starta opp med regionale møter for rektorar (fem regionar), som i stor grad vil erstatte besøka i enkeltkommunar. Regionane Nordvest, Sørvest, Midtre Sogn, Indre Sogn og Nordfjord har alle har fått om lag 2 dagsmøte årleg med rådgjevar, samt at eit av møta i 2- årsperioden har vore saman med heile styret.

Som ei forbetring på informasjonsarbeidet har vi i 2018 prøvd ut ei ordning med nyhendebrev offentleggjort på nettsida, eit par gonger i halvåret i staden for mange mail med enkeltsaker.

Selje er einaste kommunen i fylket som ikkje medlem i Norsk kulturskuleråd.

Konferansar/fagleg påfyll

Det har heller ikkje i denne perioden vore arrangert inspirasjonsdagar i august. I staden har vi vidareutvikla konferansen i september saman med fylkeskommunen ved UKM og DKS, kalla «Felles barn, felles ansvar». Her møtes kulturskuletilsette og -eigarar saman med andre som arbeider innan kulturfeltet for barn og unge lokalt. Viktig både for fagnettverk og det sosiale for alle kulturskulearbeidarar.

Laurdagsskulen – eit felles fordjupingstilbod

Det har diverre ikkje vore økonomi å drifte ordninga, og frå juni 2016 har det ikkje vore aktivitet i prosjektet.

Rektorsamlingar:

- 01.12.2017: for rektorar, og politiske og adm. skuleeigarar v/ Jørn- Arild Mikkelsen frå KS-Konsulent AS («*Betyr ledelse en forskjell?*»).
- 2018- møtet var helde 24.1.2019: «*Fokus på førebygging av konflikhtar mellom born og vaksne*» (MeToo, mobbeparagrafen og meldeplikta v/ Jørn- Arild Mikkelsen frå KS-Konsulent AS).

Drømmestipend

I 2017 vart det 20 nominerte, og 6 av desse vart tildelt stipend. Dette var:

- Emilie Larsen Evebø, skapande skriving, Gloppen
- Elise Eikefjord Hatlem, visuell kunst, Flora
- Indigo Child, musikk, Eid
- Sølvi Kvam, musikk, Luster
- Ingrid Bolstad, visuell kunst, Førde
- Kristian Prodan Stoianov, musikk, Førde

I 2018 var det og 20 nominerte, og 4 av desse vart tildelt stipend. Dette var:

- Andrea Santiago Stønjum, musikk, Vågsøy
- Hans- Kristian Holthe, musikk, Bremanger
- Martha Standal Pavelich, teater, Eid
- Arild Bjørkelo, musikk, Gloppen

Styret har vore delteke i utdelingane.

«Dei nominerte er»

vart arrangert i Trivselshagen, Sandane 31.03.17 og i Florø Samfunnshus 04.05.18. Alle dei nominerte var invitert til å delta. Dei frå fylket som deltok i dei nasjonale talentprogramma til Griegakademiet og Barratt Due var og inviterte. Det har vore høg kvalitet på begge arrangementa, men diverre altfor lite publikum og presseomtale. Like eins er det skuffande at vi ikkje har fått til eit godt samarbeid med NRK-S&Fj om streaming.

Tilskot

Vi fekk OU- mildar frå KS på kr. 20.000,- til dekning av utgifter til føredragshaldar på leiarkurs i desember 2017 (er inntektsført i 2018, det same gjeld utgiftene). Vi får og for møtet 25.1.19.

Søkt Talent Norge og fylkeskommunen om støtte til Laurdagsskule i 2017 – fekk avslag.

Møter i perioden med:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga
 - UKM, DKS jamleg om konferansen «Felles barn felles ansvar»
 - Om fylkesmusikarordninga
 - Innlegg på fylkeskulturkonferansane
 - Innspel til regional kulturplan
- Talentparaplyen på Griegakademiet angående talentsatsinga i Hordaland og Sogn og Fjordane

Media

Det har i perioden vore arbeidd med NRK Sogn og fjordane for å få til dekking av «Dei nominerte er» som ei KULTURSKULELUTT- sending, diverre utan hell.

Veiledning

Den første veiledningsrunda vart avslutta våren 2017, her deltok Flora, Høyanger, Førde/Naustdal/Gaular og Hyllestad/Fjalder.

Den andre veiledningsrunda hadde «opptak» i okt18, med oppstart jan19. Sogn kulturskule (Luster/Balestrand/Sogndal/Leikanger) deltek. Stryn, Bremanger og Vågsøy fekk ikkje plass, men vil få ekstra oppfylging frå rådgjevar i 2019, og er førespegla plass i 3. runda med forventa oppstart hausten 2020.

Landsstyret

Er eit formelt organ som erstattar det uformelle fylkesleiar møtet. LS møtes årleg i mai/juni, og er NKR sitt høgste organ mellom dei 4-årige Landstinga. Det består av sentralstyret og fylkesstyrelseleiarane. Styrelseleiar ev nestleiar, og rådgjevar har møtt.

Landsstyret var og invitert til ei uformell samling kalla «politisk verkstad» i nov-18, der arbeid med verksemdsplanen for 2019 var i fokus. Styrelseleiar møte.

Landsmøte/Landstinget i Norsk Kulturskuleråd

Vart arrangert 20. oktober 2016 i Stjørdal. På Landstinget vart Nils R. Sandal attvald til leiar i sentralstyret, for 4 år. Neste Landsting er i oktober 2020.

Vestlandsmøtet

Fylkesledda i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane samt Møre og Romsdal har vanlegvis eit felles møte kvart år. Det har i denne perioden vore samtalar/avklaringar mellom fylkesstyrelseleiarane, men ikkje fysiske møte.

Avslutningsord

Fylkeslaget gjekk inn i 2017 med ein del uteståande fakturaer, ca. kr. 80.000,- Det betyr at aktiviteten det året vart redusert for å kome i balanse. Sjå for øvrig rekneskapskommetar frå Gunn Otnes, øk.sjef i Kulturskulerådet.

Styret er fornøgd med at ein i perioden har fått gjennomført regionale 1 – 2 rektormøter med rådgjevar årleg (5 regionar), og at styret og har fått møte alle rektorane/regionane i samband med sine styremøte.

Siste del av perioden har vore prega av førebuing til ein best mogeleg etablering av den nye regionen.